



Alt skulle no vera klart for fullføring av storstova i bygda. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Politikarane i Kvinnherad er samde om at det no er viktig å fullføra Aktivitetshuset i Uskedalen. Ingen av medlemmene i kommunestyret røysta i mot at kommunen skal garantera for eit lån på 400.000 til føremålet i Sparebank 1 – Kvinnherad.

Det skal nyttast til arbeidet med garderobeavdeling og treningsrom og arbeidet skal gjennomførast til våren og sommaren. Aktivitetshuset er tidlegare innvilga eit lån på 1,2 millionar og 800.000 av summen vart diskutert for tre år sidan. Det er altså restsummen saka no gjeld.

Det hastar no med å bvli ferdig.

Viss ikkje huset blir fullført neste år, kan ein del av tippemiddelsummen bli trekt attende.

Det kom heller ingen kommentarer til saka då den var oppe torsdag.

Formannskapet hadde tidlegare samrøystes gått inn for garanti. Kommunen vil måtte ta over forpliktelsane ved eventuelt misleghald.

Folk som har stått sentralt i arbeidet med aktivitetshuset meiner at det ikkje bør by på noko problem å fullføra det for 400.000 kroner.

Av Ola Matti Mathisen